

Forskrift om tilgang til jakt, fastsetjing av minsteareal, bruk av termiske siktemiddel og fastsetjing av fellingsavgift for hjortevilt, Ullensvang kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Ullensvang kommunestyre dd.mm.åååå med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd, § 26 og § 42 første ledd, forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29 a fjerde ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er opna for jakt på elg, hjort og rådyr i Ullensvang kommune.

§ 2. Minsteareal for elg, hjort og rådyr

Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve for elg, hjort og rådyr:

Område	Minsteareal elg (dekar)	Minsteareal hjort (dekar)	Minsteareal rådyr (dekar)
tidl. Odda kommune	15000	1500	1500
tidl. Ullensvang herad	15000	1000	1000
tidl. Jondal kommune		1000	

§ 3. Opning for bruk av termiske og restlysfosterkande siktemiddel til hjortejakt

Det er opna for bruk av termiske og restlysfosterkande siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng i Ullensvang kommune.

Ved ettersøk av påskoten hjort kan termiske og restlysfosterkande siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

Jegerar har rapporteringsplikt for bruk av termiske og restlysfosterkande siktemiddel ved felling av hjort, og skal rapportere bruken i Hjorteviltregisteret.

§ 4. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift krevjast inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir fastsette til maksimal sats for fellingsavgift gitt årleg i Stortinget sitt budsjettvedtak.

§ 5. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå same tid opphevast forskrift om minsteareal og opning for jakt etter elg, hjort og rådyr, Odda kommune, Hordaland ([FOR-2001-06-13-648](#)). Samstundes vert det som gjeld Ullensvang og Jondal i etterfølgjande forskrift oppheva: Forskrift om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Sveio, Jondal, Ullensvang, Granvin, Modalen, Meland og Masfjorden kommunar, Hordaland ([FOR-2022-09-05-2652](#)).

Forskrifta § 4 trer i kraft frå 01. februar 2027.